



Hemsedal kommune
Hemsedalsvegen 2889
3560 HEMSEDAL

Saksbehandler, innvalgstelefon
Marte Rosnes, 69247516

Tilbakemelding på egenkontrollrapport for avløpssektoren for rapportåret 2019 - Hemsedal kommune

Fylkesmannen har gått gjennom egenkontroll- og årsrapport frå Hemsedal kommune og tar dei til atterhald. Vi legg til grunn at Hemsedal kommune held fram med å gjere tiltak for å drive i tråd med gjeldande løyve.

Rapporterings skjema for 2020 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021.

Vi viser til egenkontrollrapport for Trøim avløpsanlegg og leidningsnett motteke for rapportåret 2019.

Leidningsnett til Trøim avløpsanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 4 installerte nødoverløp på leidningsnettet og ingen regnvassoverløp. Av desse er 3 nødoverløp på pumpestasjonar og 1 på reinseanlegget. I 2019 har de i årsrapporten skrevet at de ikkje har hatt utslepp via nødoverløp på leidningsnettet. I Altinn har de rapportert at de har hatt eitt overløp som varte i 11 timar. I årsrapporten skriv de også at det var overløp ved RA01, PA1 og PA07. Ved rapportering for 2020 ber vi om at de fyllar inn vassmengda i overløp, tid i overløp og gir eit estimat på kg fosfor som totalt er gått i overløp på dei tre/fire nødoverløpa.

Trøim avløpsanlegg

Det er for 2019 rapportert at Trøim avløpsanlegg har tatt i mot og behandla 194 127 m³ avløpsvatn og at 243 m³ har gått i overløp.

Trøim avløpsanlegg reinsar godt for fosfor, BOF₅ og KOF_{CR}. Til tross for at de ikkje har rapportert om nokon betydeleg auke i tilknytt abonnentar dei tre siste åra, har mengda organisk stoff tilført anlegget auka veldig. I 2017 tok Trøim avløpsanlegg imot 143,7 tonn KOF_{CR} og 56,9 tonn BOF₅. I 2019 har dette auka til 285,1 KOF_{CR} og 93,8 BOF₅. De skriv i årsrapporten at det ikkje har vore store endringar i tilknyttingar utover forventa tilknytting av bustadar, hyttar og hotell i turistområdet. Vi minner om at nye tilkoplingar skal rapporterast inn via Altinn.



Vidare skriv de at det har vore ein feil på overløpsmålar på avløpsanlegget, og at denne er bytta ut med ein målar som ikkje registrerer mengder avløpsvatn i overløp, berre tid i overløp. Vi minner om at dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert sånn at prøven ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, så skal overløpsbidraget målast, registrerast og medreknast i reinsegraden.

Konklusjon

Fylkesmannen har gått gjennom eigenkontroll- og årsrapport for Hemsedal kommune og tar dei til atterhald. Vi legg til grunn at de held fram med å gjere tiltak for å drive i tråd med gjeldande løyve.

Eigenkontrollrapportering og årsrapport kan bli følgt opp ved framtidige tilsynsbesøk frå Fylkesmannen.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/vertoy/skjema/arlig-rapportering-for-avløp/>

Rapporteringsskjema for 2020 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021. Vi minner om at årsrapporteringa til Fylkesmannen skal leggst som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering finn de i vårt skjemabibliotek:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/?c=Milj%c3%b8+og+klima>

Data frå eigenkontrollrapporten om årlege utslepp for avløpsanlegg vil i juni 2019 bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp»:

<http://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde S. Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernabdelingen

Marte Rosnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent